

Arkivsak-dok. 19/05002
Arkivkode
Saksbehandler Gorm Lybeck Kjernli

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Sviland bydelsutvalg 2015-2019	Utvalgssaker	30.04.2019	3/19

SAKSPROTOKOLL

Høring – NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land - Høringsfrist 01.08.2019

Sviland bydelsutvalg 2015-2019 har behandlet saken i møte 30.04.2019 sak 3/19

Møtebehandling

Leidulv Harboe (Sp) meldte seg inhabil i saken då han er grunneigar. 5 personer stemte i saken.

Ruth Bråtveit (Krf) la fram følgende forslag til vedtak:

Høringsuttale nasjonal ramme for vindkraft

Innleiing:

Sviland bydelsutvalg vil nytte høve til å komme med ein uttale om nasjonal ramme for vindkraft, og då spesielt det som kjem inn under geografisk grense til Sandnes kommune.

Me vil i denne uttalinga, ta for oss friluftsliv og arealkonflikt. Andre tema som støy/skyggekast, visuell forureining, arter på raudlista, kulturminner, hekkande rovfuglar, jakt mm, vil ikkje verta belyst.

Friluftsliv:

Sandnes kommune er regional leverandør av friluftsområder. Innbyggjarane i nabokommunar som Stavanger, Sola, Randaberg, Klepp, med ein samla innbyggjartal på ca 250 000, brukar naturen i Sandnes for sine nære friluftsopplevingar. Dette skyldast at dei nevnte kommunar ligg på flate Jæren, og nærmaste fjellområder er fjellbygdene i Sandnes, Sviland, Høle og Hommersåk.

Sandnes kommune har i lang tid vore sitt ansvar bevisst, og har hatt ei aktiv tilrettelegging av naturområder innad i kommunen. Dette syner seg i omfattande sti og løypenett, opparbeiding av parkeringsplassar med infotavler. Og tur/temakart utarbeida av kommunen.

Ei stor mengde av frivillig arbeid, har og vert kontinuerlig lagt ned i vedlikehold av eksisterande løyper, opparbeiding av nye stiar, sette opp turbokassar mm. Det frivillige engasjementet er stort, noko som har medført oppretting av Sandnes turlag, med over 5000 medlemmar. Dei arrangerar kvart år 7 natts turen, og 10 på topp i Sandnes. 10 på topp er eit konsept der det vert tilrettelagt med 10 fjelltoppar, som ein skal besøke i løpet av sommarhalvåret. Dette er sær populært.

Fjelltoppen Sulken, som er ein del av Vardafjell vindkraft, var eit populært turmål, og ein del av 10 på topp i mange år. Denne toppen er nå stengt på grunn av anleggsarbeidet med vindkraft, men vil nok ikkje komme inn igjen i 10 på topp, eller få tilbake sin status som populært turmål. Dette pga området vil ikkje framstå som urørt eller støyfritt, det er rett og slett tapt for all framtid som eit fullverdig tur- og rekreasjonsområde.

Me har i mange år, sett ei klar auke i bruk av våre friluftsområder, noko som og visar igjen i slitasje på stiar. På det den mest populære fjelltoppen, Dalsnuten, er stien forsterka med

treplankar over myrområder, og sherpaer har utbedra stien andre stader. Dette for å redusere slitasjen på sjølve stien, og for å forhindre vekst i bredden. Alle andre turstiar, syner og teikn til slitasje, men det er framleis håndterbart. Skulle ein nå gå til det skritt, å åpna opp for meir vindkraft i Sandnes kommune, vil det allereie høge press på naturen i Sandnes, verta forsterka.

Dei tilrettelagte friluftsområda i Sandnes, som me kan definera som fjell, høgdedrag, ås, lynghei og snaufjell. Utgjer eit samla område på ca 55 km². Dette inkludert ca 3,5 km² som nå vert transformert til Vardafjell vindkraft. Dei resterande areala er ikkje ei samla flate, men består av 9 stk store eller små «øyar» i landskapet. Alle vert truga av ytterligare fragmentering, i større eller mindre grad, av menneskelig aktivitet. Som til dømes: gardsvegar, nydyrking, og ny 420kV linje fra Lysebotn til Fagrafjell.

Sviland bydelsutval støtter forslag til nasjonal ramme for vindkraft i det at det ikkje er lagt opp til meir vindkraft i vår kommune. Dersom kommunen skal fortsetta å vera ein friluftsliverandør for Sandnes og nabokommunane, kan me ikkje ta meir areal for kraftproduksjon.

Sviland bydelsutvalg er uroa over at søknaden frå Sandnes vindkraft ikkje er ferdigbehandla av NVE. Me meiner at den nasjonale ramma må leggja føringar for saker som ikkje er avklarde, når Sandnes ikkje er peika ut som areal for ny vindkraft, bør det innebera av Sandnes vindkraft ikkje vert tidelt konsesjon.

Dersom Sandnes vindkraft skulle verta realisert, vil ytterligare ca 10 km² verta båndlagt av vindindustri. I sum ville dette bety at Rogaland fylkes viktigaste og størst besøkte nære turområde, fjellbygdene i Sandnes, ville verta redusert med ca 20 %. Noko som igjen vil snevra inn tilbodet, og auka presset på dei resterande friluftsområda. Samstundes som det vil redusera kvaliteten på desse, då det som vert bygd, vil dominera deler av horisonten i heile Sandnes kommune.

Dette vil heller ikkje bygga opp under Stortinget si målsetting om auka fysisk aktivitet i befolkninga, då tilbodet vert redusert.

Me vil og poengtera at me ikkje er aleine om å fronte denne saka, då prosjektet Sandnes vindenergi vart presentert, var fylkesadministrasjon, Rogaland fylke, administrasjon i Sandnes kommune, DNT, NJFF osv i mot. Ein ser og klare signaler på at DNT framleis vil kjempe for at dette ikkje vert realisert, og til dømes Rogaland Høyre har programfesta stopp i all ny vindkraft på land i Rogaland.

Rogaland fylke har teke sin del av vasskraft utbygginga, og er nå i ferd me å verte eit stort fylke innan vindkraft. På bakgrunn av dette, vil Sviland bydelsutvalg sterkt fraråde at ytterligare vindkraft vert realisert i Sandnes kommune.

Me ber om at naturen, det biologiske mangfoldet, viltet, fuglane og friluftslivet må få sigre i denne saka.

Votering

3 medlemmer stemte for forslaget til Bråtveit (Jofrid Åsland (Sp), Egil Bjerga (Ap), Ruth Bråtveit (Krf)), som ble vedtatt. 2 blanke stemmer (Willy Tjessem (Frp), Kamilla Hetland Lutsi (ungdomsrepresentant)).

Vedtak

Høyingsuttale nasjonal ramme for vindkraft

Innleiing:

Sviland bydelsutvalg vil nytte høve til å komme med ein uttale om nasjonal ramme for vindkraft, og då spesielt det som kjem inn under geografisk grense til Sandnes kommune.

Me vil i denne uttalinga, ta for oss friluftsliv og arealkonflikt. Andre tema som støy/skyggekast, visuell forureining, arter på raudlista, kulturminner, hekkande rovfuglar, jakt mm, vil ikkje verta belyst.

Friluftsliv:

Sandnes kommune er regional leverandør av friluftsområder. Innbyggjarane i nabokommunar som Stavanger, Sola, Randaberg, Klepp, med ein samla innbyggjartal på ca 250 000, brukar naturen i Sandnes for sine nære friluftsopplevingar. Dette skyldast at dei nevnte kommunar ligg på flate Jæren, og nærmaste fjellområder er fjellbygdene i Sandnes, Sviland, Høle og Hommersåk.

Sandnes kommune har i lang tid vore sitt ansvar bevisst, og har hatt ei aktiv tilrettelegging av naturområder innad i kommunen. Dette syner seg i omfattande sti og løypenett, opparbeiding av parkeringsplassar med infotavler. Og tur/temakart utarbeida av kommunen.

Ei stor mengde av frivillig arbeid, har og vert kontinuerlig lagt ned i vedlikehold av eksisterande løyper, opparbeiding av nye stiar, sette opp turbokassar mm. Det frivillige engasjementet er stort, noko som har medført oppretting av Sandnes turlag, med over 5000 medlemmar. Dei arrangerar kvart år 7 nuts turen, og 10 på topp i Sandnes. 10 på topp er eit konsept der det vert tilrettelagt med 10 fjelltoppar, som ein skal besøke i løpet av sommarhalvåret. Dette er særskild populært.

Fjelltoppen Sulken, som er ein del av Vardafjell vindkraft, var eit populært turmål, og ein del av 10 på topp i mange år. Denne toppen er nå stengt på grunn av anleggsarbeidet med vindkraft, men vil nok ikkje komme inn igjen i 10 på topp, eller få tilbake sin status som populært turmål. Dette pga området vil ikkje framstå som urørt eller støyfritt, det er rett og slett tapt for all framtid som eit fullverdig tur- og rekreasjonsområde.

Me har i mange år, sett ei klar auke i bruk av våre friluftsområder, noko som og visar igjen i slitasje på stiar. På det den mest populære fjelltoppen, Dalsnuten, er stien forsterka med treplankar over myrområder, og sherpaer har utbedra stien andre stader. Dette for å redusere slitasjen på sjølve stien, og for å forhindre vekst i bredden.

Alle andre turstiar, syner og teikn til slitasje, men det er framleis håndterbart.

Skulle ein nå gå til det skritt, å åpna opp for meir vindkraft i Sandnes kommune, vil det allereie høge press på naturen i Sandnes, verta forsterka.

Dei tilrettelagte friluftsområda i Sandnes, som me kan definera som fjell, høgdedrag, ås, lynghei og snau fjell. Utgjer eit samla område på ca 55 km². Dette inkludert ca 3,5 km² som nå vert transformert til Vardafjell vindkraft. Dei resterande areala er ikkje ei samla flate, men består av 9 stk store eller små «øyar» i landskapet. Alle vert truga av ytterligare fragmentering, i større eller mindre grad, av menneskelig aktivitet. Som til dømes: gardsvegar, nydyrking, og ny 420kV linje fra Lysebotn til Fagrafjell.

Sviland bydelsutval støtter forslag til nasjonal ramme for vindkraft i det at det ikkje er lagt opp til meir vindkraft i vår kommune. Dersom kommunen skal fortsetta å vera ein friluftsliverandør for Sandnes og nabokommunane, kan me ikkje ta meir areal for kraftproduksjon.

Sviland bydelsutvalg er uroa over at søknaden frå Sandnes vindkraft ikkje er ferdigbehandla av NVE. Me meiner at den nasjonale ramma må leggja føringar for saker som ikkje er avklarade, når Sandnes ikkje er peika ut som areal for ny vindkraft, bør det innebera av Sandnes vindkraft ikkje vert tidelt konsesjon.

Dersom Sandnes vindkraft skulle verta realisert, vil ytterligare ca 10 km² verta båndlagt av vindindustri. I sum ville dette bety at Rogaland fylkes viktigaste og størst besøkte nære turområde, fjellbygdene i Sandnes, ville verta redusert med ca 20 %. Noko som igjen vil snevra inn tilbodet, og auka presset på dei resterande friluftsområda. Samstundes som det vil redusera kvaliteten på desse, då det som vert bygd, vil dominera deler av horisonten i heile Sandnes kommune.

Dette vil heller ikkje bygga opp under Stortinget si målsetting om auka fysisk aktivitet i befolkninga, då tilbodet vert redusert.

Me vil og poengtera at me ikkje er aleine om å fronte denne saka, då prosjektet Sandnes vindenergi vart presentert, var fylkesadministrasjon, Rogaland fylke, administrasjon i Sandnes kommune, DNT, NJFF osv i mot. Ein ser og klare signaler på at DNT framleis vil kjempe for at dette ikkje vert realisert, og til dømes Rogaland Høyre har programfesta stopp i all ny vindkraft på land i Rogaland.

Rogaland fylke har teke sin del av vasskraft utbygginga, og er nå i ferd me å verte eit stort fylke innan vindkraft. På bakgrunn av dette, vil Sviland bydelsutvalg sterkt fraråde at ytterligare vindkraft vert realisert i Sandnes kommune.

Me ber om at naturen, det biologiske mangfoldet, viltet, fuglane og friluftslivet må få sigre i denne saka.

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.